

Årsmelding 2018

Kinsarvik Bygdekvinnelag

Årsmøtet 2017 vart halde i Fjordahallen/Gløyp 13.11.17.

Det møtte 23 medlemmer.

Vanlege årsmøtesaker og val.

Dei 4 i styret som stod på val var : Helene Olsen , Jorunn Nornes Opedal , Gudbjørg Grønsdal og Gunnlaug Sande. Dei 3 første tok attval, Margareth Moberg som var 1. vara, vart vald inn i staden for Gunnlaug Sande. Som vara tok Gerd Solberg attval ,og Aashild Mæland vart vald inn som ny vara. I valnemnda stod Aslaug H. Utne på val , ho tok ikkje attval og Elin L. Skår kom inn. I turnemnda stod Anne Brandt på val , ho tok attval. Audhild Buddenbaum stod på val som revisor , ho tok attval.

Etter at årsmøtesakene var gjennomgått, gjekk me ned på Gløyp , der me fekk servert gryterett og sjokolademousse med frukt.

Aurora Opheim underheldt med toradarspel og Odin Sandstål med visesong.

Styret for 2018 har vore sett saman slik :

Leiar :	Helene Olsen
Nestleiar :	Gunn Berit Beck
Kasserar :	Gudbjørg Grønsdal
Skrivar :	Jorunn Nornes Opedal
Styremedlem :	Margareth Moberg
Studieleiar :	Anne Karine Brandt
Ansvarleg for laget si heimeside :	Gudbjørg Grønsdal
Varafolk :	1 Gerd Solberg
	2 Aashild Mæland
Valnemnd :	Kirsti M. Lutro, Elin L. Skår
Turnemnd :	Margrete Øvstedal og Anne Brandt

Revisorar :

Kirsti M. Lutro og Audhild Buddenbaum

Laget har dette året hatt 33 medlemmer. 1 medlem fall frå ved dødsfall. Kontingenten vert no kravd inn sentralt og har vore kr 680, den har stige med kr 25 dette året , kr 130 går til HBK.

Laget sponsar ein del av utgiftene til mat på årsmøtet , og har heller ikkje teke loddpengar /kaffipengar på medlemsmøta, med unntak på aprilmøtet.

Me har vore inne i eit hektisk år med mange aktivitetar og førebuingar til 70-årsjubileet.

Styret har hatt 6 styremøte, av desse 1 møte felles med festkomiteen , elles ein god del kontakt via telefon og e- post.

Festkomiteen har hatt 5 møte.

Laget har hatt 7 medlemsmøte , inkludert 2 bakedagar i eldhus . Me har skipa til eller delteke i 12 arrangement.

Medlemsmøte laget har hatt gjennom året :

1 Adventsmøte i Borstova 11.12.17.

Medlemmene hadde bede med seg gjester , og det møtte 25 stk.

Program : Ingvild Sperrevik fortalte om levekårsprosjektet som heradet har starta opp, med økonomisk støtte frå fylket. Hovedmålet er å få redusert barnefattigdommen. Det er barn og unge i Ullensvang som også ligg under fattigdomsgrensa. Ho fortalte om tiltak som hadde vorte gjort, og kva som kunne gjerast. Laget vart einige om å yta ein pengesum til prosjektet.

2 Medlemsmøte i Fjordahallen 08.01.18.

Dette vart eit orienterings/planleggingsmøte.

Her vart bl.a. dette teke opp :- Jubileumsåret

- KvinnerUT-prosjekt
- Val av komite til jubileumsfest
- Servering til Barnas turlag
- Gevinstar på bok

3 Kvinnetreff i Fjordahallen 12.02.18.

Dette var det første arrangementet i prosjektet KvinnerUT. Me hadde bede inn tilflyttarkvinner frå ulike land. Det møtte i alt 34 damer.

Signe Lise Børve og Margareth Moberg hadde førebudd ein kjekk aktivitet, collage. Dei som ville kunne laga seg eit «kunstverk». Det vart servert kyllinggryte , kaffi og kaker. Ein svært vellukka kveld.

4 Medlemsmøte i Borstova 12.03.18.

Me hadde ikkje noko særskilt program denne kvelden. Men møtet bar preg av planlegging av jubileumsåret og kakebasaren ved Borstova i juni. Det vart bl. a. bestemt at inntekta av loddsaled på bok skulle gå til trivselstiltak på Bråvolltunet.

I tilknytning til at det skal lagast eit jubileumsskrift , hadde Helene gått gjennom lagshistoria, og ho refererte ein del frå det. Elles hadde me kaffistund og quiz.

5 Medlemsmøte i Fjordahallen 09.04.18

Denne kvelden hadde me fått Karl Ystanes til å koma. Han fortalte oss om si lidenskapelege interesse for fisking frå tidleg barndom til voksen mann. Me var med han på fisking i båt på fjorden , laksefiske i elvar og fisketurar i fjellet. Det var eit morosamt og fengjande kåseri me seint vil gløyma. Etterpå las Jorunn frå boka Kvardagsord av Magne Velure.

Då møtet fall på 9.april , las leiaren frå bygdeboka om krigshandlingar i Kinsarvik og Sørfjorden i aprildagane 1940.

6 Bakedag i eldhuset på Bråvoll 12.06.18

7 Bakedag i eldhuset på Bråvoll 13.06.18.

Turnemnda hadde planlagt tur til Tjødnahaugane Gard , og kaffi og kaker på Tyssedal Hotell.

Den vart diverre avlyst p.g.a. for få påmeldte.

Arrangement som laget har skipa til , eller delteke i:

1 Jolegateopning 25.11.17

Me selde jolekaker og mjølkekaker ved Gløyp. I tillegg hadde me nokre gevinstar på bok. Medlemmene hadde på førehand baka jolekaker, mjølkekakene steikte me på staden.

2 Møte saman med Espe bygdekinnelag 07.02.18

Me vart inviterte inn for å høyra Bjørn Steinar Meyer, forfattaren av boka om Olga Bjoner. Ho var med å starta det første bondekinnelaget i Spjelkavik i 1917.

Etterpå fekk me god servering.

3 Servering av bollar og kakao til Barnas turlag i Grindaløa 11.02.18

Etter å ha gått ei turløype i skogen med hovudlykter på , var det godt for borna å koma inn i varmen til kakao og nysteikte bollar på fastelavenssøndag. Nokre medlemmer hadde steikt bollar, og varm kakao vart teke med på termosar.

4-7 KvinnerUT-samlingar

- 12.02.18 : Kvinnetreff i Fjordahallen med aktiviteten collage, gryterett,kaffi og kaker.
- 13.06.18 : Omvisning i bygda.Tema : Kinsarvik si historie med omvisning i Borstova , Skiparstod og Kinsarvik kyrkje. Samling ved eldhuset med kaffi og mat.
- 20.09.18 : Baking i eldhuset av krotakaker og lappar.Smaksprøvar og oppskrifter.
- 25.09.18 : Besøk på fruktgard. Omvisning på garden , der me bl.a. fekk sjå pressing av eple til saft.Inne i stova på garden fekk me servering og oppskrifter på eplerettar.

8 Loddsal på bok

Nokre medlemmer sat fleire dagar på Spar og selde loddar. I tillegg låg det ute bøker fleire stader. Gevinstane var det medlemmer og nokre næringsdrivande i Kinsarvik som hadde gitt.

9 Kakebasar ved Borstova 16.06.18

Utlodding , auksjon og sal av krotakaker , anna bakverk og plantar. I tillegg selde me kaffi, saft og kaffimat. Kakedagen er ei årleg tilstelling etter fleire dagar med bakedugnad i eldhuset. Det møtte ca 80-90 personar. Gevinstane på bok vart trekte. Innkoma var på kr 47809,- brutto. Av desse var kr 18000,- sal frå loddbøker, og den summen skal gå til trivselstiltak på Bråvolltunet.

10 Samarbeid med Kinsarvik skule 21.09.18

Laget meiner det er viktig at dei unge får kjennskap til gamle mattradisjonar. Derfor har me kvar haust ein dag i eldhuset , der elevar i 7. klasse får prøva seg på baking av krotakaker.

12 kjekke og blide elevar møtte opp. Kakene vart både fine og gode. Det var stolte elevar som bar med seg kaker heim.

11 Baking av flatbrød 8.10.18

4 damer bakte flatbrød i eldhuset på Bråvoll til jubileumsfesten.

12 Jubileumsfest 13.10.18

Ein festkomite hadde vore i sving , og etter mykje førebuingsarbeid kunne leiaren ynskja velkommen til fest i Fjordahallen laurdag 13. oktober. Omlag 70 festkledde gjester sat rundt fint pynta bord. Her var medlemmer og innbedne gjester. Det vart både prolog , talar , helsingar ,dikt og song. Prolog var skriven og lesen av Anne Lutro, og Geir Midnes heldt festtalen . Maria Digranes underheldt oss med 3 fine songar, og Ragnhild Opedal Tveit spelte til. Mange fekk takk for god innsats i laget både før og no. Det vart servert rjomegraut , spekemat , heimalaga flatbrød og nypressa eplesaft , og seinare på kvelden kaffi og kaker. 4H-ungdommar hjelpte til med serveringa.Grauten vart spela inn av ei flink spelejente frå 4H. Bak henne kom eit fint brurepar (for høvet). Såleis fekk me vist fram laget si brure-og brudgomsbunad og.

Me sat att med ei kjensle av at festen var fin og vellukka.

Andre aktivitetar

❖ Gåturar i nærmiljøet

I mai – juni hadde me 6 gåturar i nærmiljøet på kveldstid. Både medlemmer og andre deltok. Me var om lag 7-10 stykk på kvar tur. Det var fine turar i fint vårver. Me avslutta med den lengste turen til Hjølmo i øvre Eidfjord ,og mat på kafe.

❖ Verving

Det vart laga eige vervebrev som vart delt ut på eit medlemsmøte, og medlemmene vart oppfordra til å finna nye medlemmer.

❖ Kurs

Det har ikkje vore halde kurs dette året. Noko av det skyldast at me har hatt det travelt med andre aktivitetar i jubileumsåret.

❖ Norsk tradisjonsmat

Me har delteke i prosjektet : Norsk tradisjonsmat. Her sende me inn oppskrifter på krotakater og hakkasteik.

❖ Jubileumsskrift

Her vart det tidleg på året valt ut ei skriftnemnd, Gudbjørg Grønsdal , Helene Olsen og Margareth Moberg. Desse har lagt ned eit stort arbeid med å samla stoff og bilet. Planen var å få skriften ferdig til jubileumsfesten, men det gjekk ikkje. No vonar me at det skal vera klart i desember.

❖ Roll-up plakat

Laget har skaffa seg ein fin plakat me vonar kan brukast i ulike høve. Den har fine bilet frå nærmiljøet , og tekst i stikkord kva laget driv med. Styret har arbeidd med utforminga av plakaten. Odd Trykk og Reklame har ferdigstilt og trykt den.

Løyvingar og gåver

Hårteigen 4H ca kr 700,- (fruktkorger)

Ullensvang Skulem.l. ca kr 700,- (fruktkorger)

Gevinst til HBK sitt lotteri kr 300,-

Det er løyvt til Vennemynten og Hjelpefondet.

Levekårsprosjektet ca kr 2400,- til mat og jolegåver.

Bråvolltunet (trivselstiltak) kr 18000,-

Mottekne midlar / gåver

Frå Ullensvang herad sine kulturmidlar kr 5000,- til jubileumsskriftet.

Frå NBK kr 8000,- til prosjektet KvinnerUT.

Frank Olsen har laga og gitt 18 farg til krotekakene i eldhuset.

Innkjøp

Det er kjøpt inn 20 klappstolar til Borstova, ein Roll-up plakat og ein ny vest til herrebunad.

Utsendingar til møte.

Årsmøte i HBK på Stord – 2 utsendingar, Helene Olsen og Jorunn N. Opedal

Leiaren har møtt til stiftingsmøte i Fjordahallen Utstyrslag.

Til utleige

Brure- og brudgomsbunad , og konfirmantbunader til gutter.

Brure- og brudgomsbunaden har vore utlånt 1 gong , konfirmantbunadane har vore utlånt til 7 konfirmantar. I tillegg har bunadene også i år vore utlånt til Hardanger Folkehøgskule 1 gong.

Vevstove

Laget disponerer eit rom i Borstova til vevstove. Vevgognene har ikkje vore i bruk på fleire år.

Facebook-side

Margareth Moberg har laga eiga facebookside til laget.

Heimeside

Laget har ei fin heimeside. Her legg Gudbjørg Grønsdal ut fine bilete og tekst frå dei fleste aktivitetane våre. Gå inn på : Bygdekvinnelaget.no. Vel lokallag.

Jorunn Nornes Opedal

skrivar

Helene Olsen

leiar